



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
postboks 8036 Dep
0030 OSLO
postmottak@bld.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.

12/1894-2/ 12/11306/F42/LTA

Dato:

Manger: 05.11.2012

TILSYN UNDER SAMVÆR - HØYRINGSUTTALE FRÅ RADØY KOMMUNE

Konklusjon

Radøy kommune meiner at endringsforslaga ikkje bør gjennomførast som omtalt i høyringsnotatet.

Barneverntenesta sine oppgåver og legitimitet

Barneverntenesta sine oppgåver er i dag knytt til ei lov; barnevernlova. Det er viktig at dette held fram. Årsaka er at barnevernet er ei teneste som kan opplevast trugande, uoversiktleg og uklar. Alt som kan bidra til at barneverntenesta står fram som tydeleg i sitt mandat og arbeidsoppgåver er eit gode. Å berre gjennomføre tenester etter eitt lovverk er ei slik tydeleggjering. Barnevernet er avhengig av legitimitet i samfunnet.

Barnevernet si gjennomføring av tilsyn under samvær

Det er rett som nemnt i høringsbrevet at barneverntenesta pr i dag følgjer opp gjennomføring av tilsyn under samvær. Dette gjeld i hovudsak når barneverntenesta har overtatt omsorga for barnet, og fylkesnemnda har gitt moglegheit til samvær under tilsyn hjå biologisk forelder.

Samvær under tilsyn som hjelpetiltak er derimot lite brukt, og i slike tilfelle stort sett med undersøking som formål.

Ettersom barneverntenestene sitt arbeidsfelt med tilsyn under samvær stort sett er etter vedtak frå fylkesnemnda om omsorgsovertaking, vil dette verte utdjupa her. Barneverntenesta er part i sak om omsorgsovertaking og fastsetting av samvær. Det betyr at barneverntenesta har initiert behandling av samværs spørsmålet, herunder behov for tilsyn, og barneverntenesta har moglegheit til å fremje ny sak for fylkesnemnda om samværet som har blitt fastsett ikkje fungerer etter intensjon. Barnevernet har dermed ei oppfølging, og eit høve til å gjere endringar ved behov.

Tilsyn under samvær blir i all hovudsak gjennomført av oppdragstakarar, og på kveldstid/helg. Barneverntenesta har sakshandsamingsansvaret, og har åpningstid på dagtid.

Utfordringar knytt til å føre tilsyn etter anna lovverk

Dersom barneverntenesta skal føre tilsyn etter barnelova, vil det vere eit problem at barnevernet ikkje har partsrettar. Barnevernet vil då stå utan mogleheit til på eige initiativ å fremme sak grunna behov for endring i samværet. Det er etter vår meining ikkje tilstrekkeleg at barne-

verntenesta kan oppmode foreldra til å fremje ny sak. Barneverntenesta kan då kome i ein situasjon kor det vert vurdert at samværgjennomføringa retten har fastsett ikkje er til barnet sitt beste, utan at barnevernet kan krevje ny vurdering. Det vil då vere vanskeleg etisk og barnevernfagleg å medvirke til gjennomføring av samværa.

Barneverntenesta vil kunne komme i ein situasjon der dei må melde til seg sjølve grunna innsikt ei samværsordning som kan vere mot barnets beste. Då kan ein stille spørsmål ved kven bekymringa og undersøkinga er retta mot. Er den retta mot dei med foreldreansvar, eller mot retten? Dette er sjølv sagt satt på spissen, men likevel legitimt å spørje seg. Dette fordi det ved undersøkingar knytt til barn med foreldre som har skilt lag, er eit hovudspørsmål om dei har sørgja for ei fungerande ordning for barnet ved å bli einige, mekle eller fremje sak for retten. Undersøkinga har da eit fokus på om foreldra har gjort det som er mogleg og naudsynt for å finne ei god ordning for barnet. Ved det nye forslaget er utgangssituasjonen at foreldra har gjort det dei kan for å finne best mogleg ordning for barnet, ved at det har vorte fremja sak for retten. Retten har gjort ei avgjerd, ikkje foreldra. Barneverntenesta kan ved å følgje opp retten si avgjerd verte bekymra for nettopp retten si avgjerd. Dette er problematisk. Særleg ettersom barneverntenesta ikkje har partsrettar, og dermed ikkje kan fremje ny sak for retten.

Når det i høringsbrevet står at barneverntenesta har erfaring med å følgje opp saker der barn er utsett for sviktande omsorg, så stemmer det. Men, dette er tufta på at barneverntenesta etter barnevernlova har høve til å gjere noko med det. Når det gjeld samvær mellom foreldre har ikkje barneverntenesta dette høvet, ettersom barneverntenesta ikkje kan vere part i saka. Derfor vil vi hevde at barneverntenesta si erfaring med desse sakane vert omtalt på ein upresis måte i høringsbrevet, tatt ut av samanhengen sin.

Utfordringar knytt til barneverntenesta sin kapasitet

Radøy kommune ser det som underleg at det samstundes med ein kapasitetsauke for kommunale barneverntenester gjennom øymerka stillingar, vert foreslått nye oppgåver for barneverntenestene. Fylkesmannen i Hordaland har gitt oss frist til 02.11.12 for å rapportere om kommunen har "misbrukt" midlane som har blitt gitt til ny stilling ved å kutte ned på andre stillingar eller å endre/legge til nye arbeidsoppgåver. Det vert då spesielt at departementet samtidig foreslår å leggje til nye oppgåver.

Radøy barnevernteneste har kontakt med fleire familiar der det ville kunne vere aktuelt for retten å fastsette samvær med tilsyn, dersom det er eit meir lokalt fungerande tilbod for å gjennomføre det. Radøy kommune er overtydde om at samvær med tilsyn vil verte meir utbredt dersom det er lagt meir til rette for det ved at retten kan påleggje lokal barnevernteneste å gjennomføre det. Dette er etter vårt syn ei endring som vil gje økte arbeidsoppgåver for dei fleste kommunane i landet.

I vurderinga av økte arbeidsoppgåver er det i høringsbrevet berre tatt høgde for kostnadar ved å leige inn tilsynsførar. Underteikna si bekymring er knytt til sakshandsamingstida det vil krevje frå barneverntenesta. Det vil krevje tid å setje i verk og følgje opp tilsynsførar, det vil krevje tid å ha kontakt med føresette, det vil krevje tid å følgje opp at dette fungerer godt for barnet, og det vil krevje tid å gjere barnevernfaglege vurderingar knytt opp til at eit anna lovverk har iverksett ei oppgåve barneverntenesta set spørsmålsteikn ved.

Det er i høringsbrevet framstilt som at barneverntenestene har økonomi, kapasitet og tilgang på tilsynsførarar som gjer dette til ei ubetydeleg ekstraoppgåve. Dette kjenner vi oss ikkje igjen i. Barneverntenesta har pressa økonomi i likheit med alle andre offentlege tenester. Barneverntenestene har utfordringar knytt til kapasitet i ein slik grad at sentrale myndigheter

har sett seg nødt til å øymerke kapasitetsheving. Barneverntenestene har utfordringar med å følgje opp at alle barn som skal ha tilsyn etter barnevernlova, får det.

I høringsbrevet står det nemnt at familievernkontora har opningstid på dagtid, og at samvær oftast foregår på kveldstid/helg. Dette gjeld også for kommunale barneverntenester.

Utfordring knytt til kven som skal ha ansvaret

Det står i høringsforslaget ikkje noko om kva barnevernteneste som skal ha ansvaret for tilsynet. Det er vanleg at foreldre bur i ulike kommunar, ofte med ein del reiseveg imellom. I sakar etter barnevernlova er det kommunen der barnet er folkeregistrert, hjå den som har dagleg omsorg, at saksansvaret ligg. Det vil vere upraktisk om barneverntenesta i Radøy får oppfølgingsansvar for tilsyn hjå ein samværsforelder som bur på ein anna kant av landet. Dersom det vert kommunen der samværsforelderen bur som får ansvaret for å følgje opp tilsyn, gir det utfordringar knytt til at barneverntenesta der ikkje har barnevernfagleg ansvar eller mynde i høve til barnet. Her kjem igjen utfordringane knytt til å gjennomføre oppgåver etter anna lovverk til syne.

Vurdering

Som det kjem fram av det ovanneemde, meiner Radøy kommune at gjennomføring av forslaget i høringsbrevet fører så store utfordringar med seg at det ikkje bør gjennomførast. Det er behov for ei betre samkjøring av barnelova og barnevernlova for å kunne nå målet om å bidra til barnets beste på best mogleg måte. Men, dette bør vere ei stor og grundig lov-gjennomgang og vurdering. Eit viktig tema då vil vere om barneverntenestene skal ha moglegheit til å fremje sak etter barnelova knytt til bustad og samvær, og dermed opptre som offentleg part. Vidare bør det då også vurderast om barneverntenesta skal kunne gjere akuttvedtak etter barnelova knytt til samvær. For å få dette til bør det vurderast ei samanslåing av dei to lovane. Dette vil på mange måtar vere logisk ved at barnelovdelen har fokus på kva rettar barn og foreldre har, mens barnevernlovdelen omhandlar det offentlege sin moglegheit til å gripe inn om barnets beste ikkje vert ivareteken.

Med helsing
Radøy kommune

Leif Taule
Ass. rådmann